

Det Kongelege kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

DYKKAR REF.: 200706160-TAS
DYKKAR DATO: 17.04.2008
VÅR REF.: JHE
VÅR DATO: 02.06.2008

Høyring - Forskrift om studentsamskipnader

I brev av 17. april 2008 frå Det Kongelege Kunnskapsdepartement vert vi invitert til å kome med merknader til utkast frå departementet til forskrift om studentsamskipnader. Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) har drøfta utkastet og har følgjande merknader:

Generelt

SfS vil innleiingsvis få gi uttrykk for at vi meiner forslaget til forskrift utfyller lova på ein god måte. Vi vil samstundes påpeike at det er viktig at det er ein tydeleg samanheng mellom dei forskriftsheimlar som vert gitt i lova og den enkelte bestemmelse i forskrifta. Eit oversiktlig system er spesielt viktig med tanke på at heile eller deler av styret i studentsamskipnaden relativt ofte vert skifta ut.

Rekneskap og kostnadsfordeling

Det vil på dette området vere viktig at det vert lagt til grunn allmenne rekneknapsprinsipp. Det er viktig at det vert opna for at det kan etablerast enkle system for segmentrekneskap, slik at studentsamskipnadane framleis kan tilby gode og rimelege løysingar til studentane. På mindre høgskular vil system rundt segmentering kunne påføre store administrative ressursar og kostnader, det er difor viktig at det vert opna for at ein kan bruke skjønsmessige vurderingar og vesentlighetskrav vert vurdert i samband med segmenteringa.


Fri stasjon

Når det gjeld fri stasjon til studentkantiner, meiner vi det ligg føre ei spesiell problemstilling rundt beregning av antall kvadratmeter og dermed verdi. Våre kantiner skiller seg frå andre serveringsstadar ved at dei i tillegg til å vere ein serveringsstad, også er ein stad der studenter studerar og et matpakken sin. Kostnaden for fri stasjon bør i desse tilfeller berre gjelde produksjonslokale og utstyr.

HOVUDKONTOR
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41


STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no


AVD. ÅLESUND
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71



Samarbeid med utdanningsinstitusjonen

Eit levande og aktivt høgskulemiljø er avhengig av at samarbeidet og kommunikasjonen mellom institusjonen og studentsamskipnaden fungerer godt. Dette er eit felles ansvar. At det i forskrifta vert lagt til ei formalisering av dette samarbeidet, vert av oss oppfatta som positivt.


Dag Nyheim
Styreleiar


Jan H. Egset
Adm. direktør